




76. årgang - nr. 2. 2020. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



Koronaskulen

Les mer på s. 4-5



Sjarm og varme i
Mongolia
s. 9-11



Ungdomsbedrift i
utelivsbransjen
s. 14-15



Historia om ein
fotballbinge
s. 20

KORONARUSSEN

Eg sit her i kveldssola ein vakker maidag og koser meg med Russeavisa 2020, - mykje godt lesestoff! Men 100-årsrusen vart Koronarussen... For ein nedtur! Rett før russedåp, Grand Prix, kristenrusstreff og anna kjekt vart dei nesten utan forvarsel sende heim 12. mars.

Gjermund Viste // Rektor

Opptur, tross nedtur

7. mai sit russepresidenten spent saman med familien og høyrer på pressekonferansen frå regjeringa. Er det sant det ho høyrer statsminister Erna fortelje? I dag hadde eg Emma innom kontoret, og ho smilte frå øyra til øyra! Ho og medelevane er tilbake på Tryggheim, - så takksame – det å få sitje i ein klasse på 30, 1 m avstand og få kjenne på det gode fellesskapet. Litt seinare smiler presidenten vår heilt rundt. Ho får nemleg innsyn i vinterens eksamensuttrekk! Det er jo normalt hemmeleg til etter at standpunktarakterane er sett, men ikkje for Koronarussen - inntil Udir sa stopp. Alle eksamenar er avlyst!

God fjernundervisning

I morgon er alle elevane tilbake, og vi er fulltalige – klare for handvask, avstand og vask av pultar.

Dei kan legge bak seg fem til sju veker fjernundervisning og heimeskule. Ungdomane fortener stor honnør som har vore med på denne krevjande dugnaden! Lærarane fekk også mykje å gjere i denne tida. Dei har stått på

og følgt opp elevane på ein framifrå måte! Læringskurva kunne vere bratt, men her måtte dei digitale læringsverktøya fram. Ein internatelev frå eit anna fylke var også heime. Ho forstod ut frå samtalanane ho hadde med venninner heime at ho var heldig. Fantastisk oppfølging frå lærarane!

Digital vår

Elevane har imponert. Dei arrangerte digitalt misjonsløp og samla inn meir pengar enn nokon gong – til misjonsprosjektet i Mongolia. Reisa til Lillestrøm, NM for Ungdomsbedrifter gjekk ut, men tre ungdomsbedrifter frå Tryggheim leverte likevel til tre pallplasseringar i digitalt NM i UB. 'Teams' har opna vegen for meir samarbeid mellom kristne friskular (KFF). Og før sommaren er det duka for digital avslutningsfest!

Urix på laurdag

Ein av mine favorittpodkastar er Urix på laurdag. For ei veke sidan høyrde eg følgjande: «Ein kinesar på våtmarkene i Wuhan blir spytt på av eit skjelldyr, som er blitt smitta av flaggermus (ein av korona-virus-teoriane). Og på kort tid går flyselskap konkurs, barnehagar og skular blir stengde og det kjem avgrensingar og unntakstilstand over heile verda.» Eit lite virus, og heile verda kneler. Historikaren Yuval Harari i same program: «Korleis ser verda ut etter koronaen? Mykje vil endre seg, og

det er i kriser at verda verkeleg kan endre seg.»

Tryggleiken er trua

For kort tid sidan høyrde eg Temesgen (Shibru) Galla frå Etiopia snakka om når Jesus openberra seg for disiplane ved Genesaretsjøen. Han trekte parallellen til dagens vanskelege tid. Kvardagen har endra seg dramatisk rett for augo våre! Vår fridom til å møtast er avgrensa. Vår helse og økonomiske sikkerheit er utfordra. Vi har mista kontrollen, og tryggleiken er truga, sa Temesgen. Litt seinare høyrde eg eit utdrag frå ei gammal walisisk bøn: «Det var når dørene blei lukka, at han kom – han som kom for å hjelpe og frelse, og så stod han der midt blant sine disiplar.» Dette er heilt i samsvar med Paul Otto Brunstad (NLA-forelesning) om at krisens og koronaens tidsalder har opna nokre moglegheiter: «Krise er et mer eller mindre dramatisk vendepunkt, et knekkpunkt som kan bli begynnelsen på varige endringer. En bråstopp rommer en ny begynnelse – hvilken retning skal vi da velge, hvor går veien videre? Hva lærte vi denne våren – egentlig? Hva så vi idet forhenget revnet og virkelighet ble strippet til beinet?»

«Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje ottefull ikring, for eg er din Gud! Eg styrker deg og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.» Jesaja 41,10.





Herren skal stride for dere!

Silje Irene Edland //
Sosiallærer på Tryggheim ungdoms-
skule

Fra hjemmekontoret mitt på Ålgård i dag vil jeg dele noen tanker som forhåpentligvis kan gi et glimt av hvilket perspektiv vi har når vi ser på løftene Gud gir oss.

Det siste halve året, og før korona-perioden satte inn for fullt her i Norge, har jeg ofte gjentatt for meg selv bibelverset i 2. Mos. 14,14: «Herren skal stride for dere og dere skal være stille.»

Dette bibelverset er skrevet når Israelsfolket skal til å flykte fra egypterne og Gud redder dem tørrskodd gjennom Sivhavet. De hadde sjøen foran seg og faraos hær bak seg. De var fanget i en felle, og hadde tre valgmuligheter; overgivelse, kamp eller stole på Gud. De valgte å stole på Gud, og det som er helt umulig menneskelig sett, skjer fordi Gud griper inn. Hadde jeg ikke trodd at Gud faktisk lever og regjerer i virkeligheten, ville jeg kalt dette et fasinerende eventyr. Det er så umulig som det bare kan bli, og viser at Gud har en kontroll som

er så allmektig at vi ikke har noe å stille opp med.

Jeg har ofte tenkt at jeg er glad jeg ikke levde i gammeltestamentlig tid da folket ofte ble stilt overfor slike ekstreme situasjoner der de måtte stole på Gud på denne måten. Jeg er redd jeg hadde blitt så skremt at jeg hadde «overgitt meg i fiendens hender» eller tatt valg som jeg hadde blitt straffet for etterpå.

Heldigvis var hele tiden Guds plan en god redningsplan for menneskene, preget av hans uendelige kjærlighet til oss. Den røde tråden i Det gamle testamente leder fram til Det nye testamente, der Jesus sendes som redningsmann en gang for alle og for oss **alle** sammen. Det kommer faktisk ikke an på mine tanker eller følelser og hvordan jeg kaver for å ha kontroll selv. Løftet er at Gud skal stride for oss. I tillegg skal vi være stille.

Vi i Norge er vant med å ha relativt forutsigbare dager med mye stabilitet og trygghet gjennom forsikringer og gode offentlige systemer som tar vare på oss. Selv om vi for første gang på lenge har

blitt stilt i en situasjon vi ikke har kontroll over på grunn av koronaviruset, gjelder Guds løfter slik de **alltid** har gjort.

I Johannes 14,1-6 står det:
«La ikke hjertet bli grepet av angst. Tro på Gud og tro på meg! I min Fars hus er det mange rom. Var det ikke slik, hadde jeg da sagt dere at jeg går og vil gjøre i stand et sted for dere? Og når jeg har gått og gjort i stand et sted for dere, vil jeg komme tilbake og ta dere til meg, så dere skal være der jeg er. Og dit jeg går, vet dere veien.»
Tomas sier til ham: «Herre, vi vet ikke hvor du går. Hvordan kan vi da vite veien?» Jesus sier: «Jeg er veien, sannheten og livet. Ingen kommer til Far uten ved meg.»

Det å ha en tanke om at ikke engang døden er noe vi trenger å frykte, er godt å kjenne på i slike tider som nå, når verden kjennes litt mer uforutsigbar ut. Så vær stille og kjenn at Gud har kontroll. Han vil stride for oss!



Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Henrik Foss
Knut Handeland
Bjørge Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Grafisk design og trykk:
Synkron Media AS, Birkeland

Tryggheimkalender

JUNI

Tors. 11. Digital avslutningsfest
direktesendt på sosiale medier
fra møtesalen kl. 18.00

AUGUST

Lør. 15. Åpningsfest og første
skoledag for VG1

OKTOBER

Man. 5.-fre. 9. Høstferie

KORONASKULEN:

EIT SOLID STEINKAST FRÅ NORMALEN, MEN MED UNIK UTSIKT OVER EIGEN KVARDAG

Koronakvardagen kom like brått til Tryggheim som alle andre stader. Torsdag 12. mars hadde vi «business as usual», og fredag 13. var det tomt i klasserom og matsal. Ein heilt ny skulekvardag hadde ikkje ein gong teke seg bryet med å banka på. Han var eit faktum før nokon av oss hadde fått tenkt på korleis noko av dette skulle sjå ut.

Tekst: Sofie Braut

Illustrasjon: www.datatilsynet.no

Vekevis med forlatne fellesareal, innsokne internat og kulsne klasserom, kven hadde kunna uansett sjå føre seg noko slikt? Dessutan burde kanskje datanerdefaktoren vore hakket høgare om ein med suksess skal transformera den trygge timeplanen til heildigital heimeskule? For teknologientusiastane har det blitt ei fin tid, dei har uansett alltid vore i forkant med etterpåklokskapen. Dei har alltid sagt at digitaliseringa skyt fart når ein ikkje har andre alternativ. No treffe vi plutsleg ikkje elevane andre stader enn på skjerm, og så lærte me på rekordtid alt grunnleggjande om Teams og andre digitale flater så raskt at ingen IKT-kurs kunne ha topa det. Litt som øybruarar på kvart vårt heimekontor, men med eit felles mål som ingen hadde funne tid til å formulera og som fekk alle Tryggheims spreidde heimekontoristar til å retta ryggen: Vi skal sjølvsagt koma i hamn også med skuleåret 2019/2020!

Med god og passeleg informasjonsflyt frå administrasjonen, har vi greidd å orientera oss i alle omstillingane sine vekslande vinddrag. Det forslitne uttrykket at vegen vert til mens ein går

og båten mens ein ror, har sjeldan passa betre. Få av oss lærarar har vel misunt studieleiar Kjetil Fylling som dette skuleåret har svive rundt i ein stadig akselerande sentrifuge av informasjon og omstilling; først som Visma-general og så brått og brutalt omplassert av omstenda til Koronadepartementet. Dette er noko ein tenkjer på når ein sit der med ein lærarkvardag som knapt er til å kjenna att: Takk og pris at nokon har oversikten! Som Tryggheimlærar gjennom ei svært merkeleg tid kjenner eg meg takknemleg som har stødige, blide folk over meg i systemet når noko så uventa brått er eit faktum. Alt vert litt lettare når nokon har det store biletet og held på humøret. Her på skulen finst folk som evnar nettopp det, og det har blitt ettertrykkeleg demonstrert desse vekene.

Korleis det har sett ut for oss lærarar, har nok mange ei viss aning om, ettersom klasserommet desse vekene har flytt inn i dei tusen heimar. Mange folk har fått langt meir innblikk i skuleliv og lærararbeid enn dei har til vanleg. Geografiøktar via Teams har blitt som eit lydspor i mangt eit heimekontor, og vi lærarar

har kome tett på tapetet i mange jente- og gutterom. Vi har vore lenger vekke, men likevel tettare på. Det har vore ei tid der vi har prøvd å finna vegar for læring, mens vi sjølv har klatra i ei stupbratt læringskurve. Det har vore dagar der vi har kjent på at framdrifta har vore litt så-som-så. Det er eit grep som liksom har losna. Då har vi måtta øva på å tenka at desse dagane lærer vi faktisk ein heil del berre gjennom å vera del av samfunnet. Vi lærer (igjen) kor utruleg godt vi har det her i landet, og at vi treng å løfta blikket og sjå våre eigne små lærarprøvingar i eit langt større perspektiv.

Både lærar og elev har lært litt av den merkelege utsikten vi faktisk har fått i koronaskulen. Vi såg plutsleg ut over den gode kvardagen i klasserommet når vi vert forhindra frå å ha han. Som ein elev sa til meg pr. telefon litt inn i stenginga: «Jo, altså.... Ja... det er litt merkeleg, men eg må jo innrømme at eg saknar dei vanlege skuletimane!» Han var garantert ikkje åleine om den oppdaginga. Det er ikkje alle som får sjå sitt eige elev-liv frå utsida, og som får oppleve å sakna sin eigen kvardag. Skulen er heilt klart ein stad for struktur, strev og stillesitting, men jammen er skuledagen også ein arena for variasjon, venskap og vas.

Eit kjapt spørsmål

Me har spurt ei handfull elevar frå ulike programområde og trinn om korleis det har vore å ha heimeskule.



Martin Stautland, 2EE

Eg har hatt tidenes arbeidsro! Men eg må seia at eg sakna klassen min og sakna å bu på internatet.

Helene Ånensen, 2HEb

Eg synest at det var ganske greitt. Litt løye, men eg blei vant med det etter kvart. Det var vanskelegare å konsentrera seg fordi ein hadde senga rett ved sida av seg. Men eg klarte å læra meg å gjera det eg skulle, og så kunne eg slappa av etterpå.



Johannes Stensland, 2BT

Det var heilt greitt på ein måte, men tungvint på ein annan måte. Ein del av oss hadde jobb heime. Det vil seia at me gjekk på jobb først, så var det heim til middag og kvile og så lekser. Det var ikkje lett å konsentrera seg, særleg for oss på internatet som tenker at heime har me fri. Eg prøvde å gjera det beste ut av det i og med at dette aldri har skjedd før.

Mari Steinsland, 3STb

Eg synest det er greit å ha heimeskule, men samstundes ser eg fram til å gå på skulen igjen - forhåpentligvis snart. Det positive med heimeskule er at det gir meir fleksibilitet til kvardagen. Samstundes saknar eg det sosiale på skulen der ein får treffa venner og klassekameratar.



Sanna Tufteskog Spanne, 1STc

Heimeskule har vore kjekkare enn forventa. I starten var alt nytt og forvirrande, men det tok ikkje lang tid før det heile blei ein vane. Ulempa med heimeskule er å ikkje få møte vennene mine, både på togturane til skulen og i klasserommet. Fordelane er at eg no har kort skuleveg, og endå kortare veg til kjøleskapet, samt større fridom.

Tre i administrasjonen

Kva følgjer har heimeskule hatt for dei som arbeider med leing og rådgjeving? Me har spurt tre som har kontor i administrasjonen.

Gjermund Viste, rektor

Eg fekk det travlare – og forstår ikkje heilt kvifor ... Men det blei eit heilt anna fokus i tillegg til elevens læring som framleis skulle vere viktigast! Koronaens tidsalder har opna nokre nye moglegheiter. Vi har gjennom videomøte kome mykje tettare på kollegaene våre både i NLMvgs og i KFF (Kristne Friskolers Forbund). Noko av dette vil leva vidare også etter koronaen!

Kjetil Fylling, studieleiar II

- Å planleggja og leggja til rette for lærarar og elevar med så mange usikkerheitsmoment er vanskeleg og tar mykje tankeverksemd
- Å undervisa matematikk via Teams er ikkje det same som å undervisa med elevane i klasserommet
- Mindre arbeid med VISMA, fråværsføring og eksamensgjennomføring

Anne Kristine Tengesdal, rådgjevar og sosiallærar

Mobil og PC har vel aldri vore så mykje i bruk som i desse vekene her. Frå å snakka med elevane her på skulen, har det blitt meldingar, samtalar på FaceTime og Teams, og litt kontakt på e-post. Det er godt vi har digitale verkty, det er i alle fall heilt sikkert. Men det har vore stille på tunet, og derfor var det ein gledens dag då nokre kom tilbake 27. april!



Rådgjevar, studieleiar og rektor med «Corona-pinne» mellom seg for å sikre forsvarleg avstand. På skjermen sviv smittevernråd, og handspriten er aldri langt unna i desse tider.

VI GJØR DET MEST UTROLIGE FOR MONGOLIA!

Innsamlingen til Mongolia hadde så vidt startet. Russen, som har hovedansvaret for årets misjonsprosjekt, hadde avholdt noen arrangementer, men de mest innbringende – Grand Prix, og ikke minst Misjonsløpet i slutten av april, stod igjen. Så kom koronakrisen, og alle elevene ble sendt hjem med én dags varsel på ubestemt tid. Hvordan skulle det gå med misjonsprosjektet og innsamlingen til Mongolia nå? I noen få dager rådet håpløsheten og skuffelsen. Grand Prix måtte avlyses, og misjonsløpet – gikk det også i vasken?

Tekst: Anne-Berit G. Aanestad

Foto: Anne-Berit G. Aanestad m.fl., samt «selfier» hentet fra Facebook.

Tar du et bad for Mongolia?

Fem dager trengte hun på å summe seg, russepresident Emma Victoria Pedersen. Så la hun ut følgende melding på Tryggheims interne Facebook-side:

«Jeg vippser 100 kr. til misjonen hvis du Andreas Vorhaug tar et bad i sjø/vann/elv innen 24 timer. Hvis du ikke gjennomfører, må du selv vippse beløpet. Legg med bevis under i kommentarfeltet. Når beløpet er vippset, utfordrer du videre en ny person. Tar du utfordringen?»



Og medelev Andreas svarte:

«Det er klart jeg gjør det!» Dermed var vi i gang. Både personale og elever ble utfordret til alle slags merkelige «stunt», og her var det ingen som feiget ut. I begynnelsen ble det mye dorullkasting og -sparking, helt i tråd med dopapir-hamstringen som preget de første ukene av koronatiden. Så gikk det over i alle mulige oppfinnsomme utfordringer. En humorfylt lærer måtte fortelle så mange vitser han kunne på fem minutter og en annen måtte spille Yatzy med sin russesønn der poengsummene ble omgjort i penger til Mongolia. Noen ble utfordret til å spise så mye de klarte av forskjellig godsaker

på en viss tid, andre til å springe eller sykle langt, ta saltoer, knebøy og armhevinger og gå toppturer. Noen fikk lage filmer, synge, danse og spille, noen bakte og laget mat til familiemedlemmer eller naboer og noen måtte farge håret – alt selvfølgelig godt dokumentert med filmsnutter lagt ut på Facebook. En av vaktmestrene laget til og med en egen «tiktok»-dans helt på eget initiativ, siden ingen ennå hadde utfordret ham!

Og på selveste frigjøringsdagen 8. mai stilte IT-ansvarlig og tre vaktmestere opp på plenen under det vaiende flagget og sang «Optimist». Videre utfordret de kjøkkenavdelingen til å bake en stor marsipankake til dem. Både sang og kake innbrakte gode summer til misjonsprosjektet.





Løpet var ikke kjørt

Men hva med misjonsløpet – måtte det avlyses? Å, nei da - det var jo rett og slett bare å la alle springe akkurat der de var, og siden vi alle hadde blitt heldigitale på rekordtid, var det ikke noe problem å dokumentere antall kilometer på mobiltelefoner og smartklokker. Både elever og lærere skaffet sponsorer via sosiale medier, og etter lunsj mandag 27. april satte vi i gang – hver på vårt sted. Kilometer på kilometer ble tilbakelagt over det ganske land. Ulikt alle tidligere år, gikk ikke jogge- og gåturene rundt skolen eller torget på Nærbø. Det var ingen heiajenger langs løypa, og ingen lærere som talte runder i



Amalie Haarr og Elena Heskestad er godt fornøyde med å ha tilbakelagt nærmere 1,6 mil på to timer. «Dette va stritt, men alt for en goe sag!» sier Amalie.

målområdet og kom med lystige tilrop og oppmuntringer. Heller ingen frukt- og drikkestasjoner der man kunne ta en pust i bakken og høre med andre gående, joggende, eller beinflvende «Hvor mange runder har du nå?», for så med fornyet konkurranseinstinkt å gi på enda litt mer enn man hadde tenkt.



Svanhild Østebø og Lydia Tobiassen la løpet til Hanabergsmarka på Nærbø.



Noen steder var de tradisjonelle heiajengene langs løypa byttet ut med sauer og lam på beite.

Ny rekord!

Gjennomførbart – joda, men ville alle disse solo-løperne klare å samle inn så mye som da vi alle sprang sammen? Allerede samme kveld fikk vi svaret. Prosjektleder Henrik Foss kunne på den digitale live-sendingen fra møtesalen rapportere at årets resultat kom til å slå alle rekorder. Og etter at det meste er talt opp, kan en fornøyd innsamlingssjef fortelle at vi er oppe i rundt kr 980.000 – en imponerende økning på kr 350.000 fra i fjor!



Registreringen av antall kilometer foregikk selvsagt digitalt, og Maria Skretting kan dokumentere en flott innsats rundt et stort område på Forus og Lura.



SJARM OG VARME I MONGOLIA

I år som tidligere år har Tryggheimrussen jobbet på spreng for å samle inn mest mulig penger til misjonsprosjektet vårt, og vi er gira på å fortsette med dette ut skoleåret. Arrangementene våre skaper et inkluderende og godt miljø blant elevene på Tryggheim og folk som er på besøk. Vi viser tydelig at vi sammen jobber for noe større enn oss selv.



Tekst og foto: Ida Barane og Frida Gramstad

I høst dro vi, Frida Gramstad og Ida Barane, på en lærerik reise til Mongolia hvor vårt prosjekt holder til, sammen med elever fra Sygna vgs. og Kongshaug vgs. Her fikk vi høre og se enormt mye spennende.

Etter en lang reise ankom vi byen Ulgii som ligger vest i Mongolia. Det var spesielt å endelig komme frem! Vi som hadde pakka med oss bare masse vinterklær, kokte, for det var ganske varmt – men vinterklærne kom til nytte senere på turen.

De første dagene levde vi turistlivet. Vi fikk smake hestemelk, hestekjøtt og andre spennende og uventede smaker. I Ulgii besøkte vi også NLM sitt kontor og fikk en fin presentasjon av prosjektet Tryggheim støtter som fremdeles er i oppstartsfasen.

Naturen i Mongolia er helt spesiell. Det er veldig tørt, men samtidig kaldt. En av de første dagene kjørte misjonæren i Ulgii oss helt opp på et fjell. Det var egentlig ikke noen skikkelig vei, men siden landskapet er veldig flatt, bestående av sand og grus, kunne vi komme oss hvor vi ville. Her nøt vi bare horisonten, for å miste fokuset på jetlagen.

Vi besøkte også en familie utenfor byen. Her var det heller ingen vei, og vi humpa opp og ned i sneglefart. Hos familien spiste vi et stort måltid. Dette var typisk gjennom hele turen, vi rulla nesten ut dørene til slutt fordi vi var så mette. Med denne familien dro vi også på en idyllisk ridetur - men hjelm og sikkerhet? Ikke snakk om. Vi fikk også lov til å klappe ulv og holde ørn, og vips var Fridas fuglefobi borte.



Frida bærer Ida midt på ørkenveien mellom Ulgii og Khovd.



Ida Barane på hesteryggen i Mongolia



Vi besøkte en skole for elever med funksjonsnedsettelse.

Turen gikk videre til Khovd med superfin natur langs veiene her også. Det som var så spesielt på bilturen opp, var at vi virkelig fikk oppleve avstanden mellom folkene. Vi kunne plutselig se en mann gående for seg selv ved veien, uten at vi hadde sett et eneste hus eller en ger (mongolsk telt) på flere mil.

I Khovd sov vi hos noen misjonærer. Her var det en familie, en mann og noen lærere. Nå hadde det blitt kaldere, og de som bodde der var helt klart mer værvante enn oss. De sprang rundt på sokkelesten og uten jakke, mens vi var fullpakka av masse tøy, men fremdeles holdt på å fryse føttene av oss.



En ger er en typisk mongolsk bolig.

Vi besøkte en liten kirke i Khovd. Det var et veldig lite bygg som minnet om et lite bedehus. Vi fikk en veldig varm velkomst. Folkene der syntes det var spennende og stas å ha oss der. Det var en utrolig sjarm over det hele. Melodien var fin selv om sangen var helt ustemt og det ikke fantes rytme, men fremdeles storkoste de seg.

Dette fikk oss til å tenke på det enorme fokuset vi har hjemme i Norge på at alt skal være så bra og attraktivt, men i bunn og grunn så er det Guds nærvær vi egentlig søker. Noe som også ble tatt opp i talen, var at kirka ikke trenger å inneholde masse folk, eller å se fin ut – så lenge Gud og Jesus er i fokus, så er alt bra nok!

Senere på kvelden fikk vi besøk av ungdommene i menigheten. Vi lekte masse og koste oss med

pizza. En utfordring vi fikk kjenne på, var det å kommunisere med andre ungdommer med kun kroppsspråket.

Neste dag dro vi ut på landet og besøkte et lite tettsted hvor vi fikk høre om planene til sykehuset gjennom prosjektet. Vi besøkte også en barnehage og en skole der vi fikk se barn med funksjonsnedsettelse. Der har prosjektet allerede nå hatt en positiv innvirkning. De får blant annet informasjon om hvordan de kan tilrettelegge, og dette gir en positiv effekt på barn som får en forståelse for at alle har samme verdi.

Dette var den perfekte avslutningen på reisen. Reisen kan beskrives som innholdsrik, utfordrende og lærerik.

Årets misjonsprosjekt på Tryggheim vgs

Evangelisering, hjelp og tilrettelegging for barn med funksjonsnedsettelse og deres pårørende i Mongolia. Du kan være med å støtte prosjektet i Mongolia ved å vippe ønsket beløp til 109494 innen 20. juni.



På familiebesøk



Utenfor misjonærens hus traff vi på to mongolske jenter.



Frida og Ida besøkte en familie som drev med både ørn, hest og ulv.

Å starta på nytt – igjen

Då dei første ungdomsskuleelevane kom tilbake til skulen 11. mai, tenkte nok mange at det skulle verta godt å finna tilbake til kvardagen att. Men kvardagen er ikkje heilt den same. Mykje er forandra.




Alle elevane må vaska hendene før kvar time. Då er det viktig med gode køsystem for å hindra nærkontakt. Her er det Martine Høien som er ferdig med sin vaskerunde.



Arne Kristian Helgøy og dei andre lærarane må no vaska alle kranar og dørhandtak i kvart friminutt.



Elevar på niande trinn har uteskule i Hanabergmarka, der mellom anna «Mesternes Mester» står på programmet. Her er det balansen som skal setjast på prøve. Foto: Solveig Nedrum



Også lærarane må få tydelege beskjedar. Vask hendene først, sjølv om det skulle visa seg at kanna er tom.

Leiarhjørnet

Tekst: Tron-Arild Grødum



Tron-Arild Grødum

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Nå skal smittevern takast i vare på ulikt vis, først og fremst på tre måtar; ved å halda avstand, med grundig og hyppig vask og ved at terskelen for å vera heime ved sjukdom er mykje lågare enn før. Åttandeklassing Martine Høien hadde heller ikkje venta at alt skulle vera heilt som før korona-tidene. - Det er mykje handvask, så eg blir litt tørr på hendene. Og det blir jo mykje mas frå lærarane heile vegen. Men eg forstår kvifor det må vera slik, seier ho.

Også lærarane har måtta tilpassa seg ein ny kvardag – endå ein gong. Det blir oppfordra til så mykje undervisning utandørs som mogleg, og på eitt av trinna er no ein heil skuledag kvar veke ute. Men også innandørs får lærarane ein ny kvardag. Arne Kristian Helgøy må no trø meir til med for eksempel reingjering. Han har no også alle timane sine i den same klassegruppa.

- Dei må bli veldig leie av meg etterkvart. Men elevane er flinke og passar godt på, nokre gonger betre enn meg sjølv. Eg gløymer meg for eksempel ofte når det gjeld avstand, seier han. Helgøy er likevel positiv: - Me skal klara dette også!

I mai 2020 har ein markert at det er 75 år sidan ein fekk fred i Noreg. Fred etter fem år kor Noreg hadde vore okkupert av ein annan stat. Ein fred der undertrykking, sensur, politistat, redsle og vald vart erstatta med demokrati, openheit, glede og tryggleik. Ein skilnad som eg trur berre dei som levde då kan forstå og forklara fullt ut.

Det er rørende å lesa om korleis det var å sjå flagget heist for fyrste gong på fem år. Flagget som symboliserte og symboliserer det me er stolte av og som me vernar om. Verdier som me ynskjer skal prega Noreg og dei som bur her. Flagget som er eit samlande symbol for nordmenn, for fedrelandet, for fridom.

Det siste skuleåret har me arbeidd med **fagfornyinga** og dei nye læreplanane (LK20) som me skal arbeide etter i skulen frå og med august 2020. Noko av det nye i desse planane er tema som styresmaktene i Noreg seier at skulane skal ta opp kvart år frå og med 1. klasse i grunnskulen til og med 3. klasse i vidaregåande skule. Eitt av desse temaa er **«Demokrati og medborgarskap»**.

Eg tykkjer me er heldige som har eit land som set demokratiske verdier som respekt, toleranse, ytringsfridom og frie val så høgt at alle skal arbeida med dette år etter år. Tillit er og eit nøkkelord i dette. Tillit til kvarandre, til styresmaktene

og til det politiske systemet er bygd opp over lang tid i Noreg. Somme meiner at det har røter tilbake til Hans Nilsen Hauge i byrjinga av 1800-talet, til Grunnlova i 1814 og til innføringa av parlamentarismen i 1884. Dette er grunnleggjande for den unike velferdsstaten me har i landet vårt.

Eit viktig symbol for meg er korset i flagget. Eit symbol på ein som har sigra over døden og som har stått opp igjen. Eit symbol på dei kristne grunnverdiene som landet er bygd opp på. Dette er viktig, og me som skule skal få vera med på å peika på dette.

I Fedrelandssalmen til Elias Blix står det:

Gud signe vårt dyre fedreland, og lat det som hagen bløma.

Lat lysa din fred frå fjell til strand og vetter for vårsol røma.

Lat folket som brødre saman bu, som kristne det kan seg søma.

Måtte dette vera ei bøn for landet og for skulen i tida framover.





Ungdomsbedrift i utelivsbransjen

Sjølvs om ein går inn for det, er det ikkje lett å gå seg vill i skogane på Jæren. Ofte er det slik at framsida av treet markerer inngangen til skogen og baksida av same treet markerer utgangen. Sveineskogen som er eigd av Nærbø skoglag - det ein topografisk skulle tru var eit føretak i revybransjen à la Hirtshals fjellredning - er derimot større enn den lokale normalen. Så stor at ein etter ei søvnlaus natt i fastetida kan gå seg både svolt og trøyt utan å ha kryssa eigne spor for mange gonger. Skogen har blitt eit velbrukt tuområde og har ved hjelp av entreprenørskapselevar nå fått ein ny attraksjon.

*Tekst: Knut Handeland
Bilete: Privat*

Etter initiativ frå grunn- og skog-eigarar blei byggtেকnikkavdelinga ved Tryggheim spurd om å ta på seg å bygge ei grillhytte. Oppdraget hadde passe storleik til at ungdomsbedrifta 'SGB bygg' kunne ta det på seg. Bedrifta består av Vg3-påbyggelevane Andreas Bunch Eidsheim, Thomas Garborg og Samuel Steinberg. Dei har programfaget 'Entreprenørskap og bedriftsutvikling', og har fått trimma ein spirande entreprenør-kompetanse under trygg rettleiing

frå bygglærarane sine.

Samuel er godt nøgd med erfaringa:

- Det har vore kjekt å få innsyn i heile byggeprosessen, trass i at koronasituasjonen hindra oss i å vere med på slutføringa.
- Me har vore med frå grovrissa låg føre og laga byggteikningane, så det gjev eigarskap å vere involvert frå starten, seier Thomas.

Som i utelivsbransjen elles har det vore ei skrin tid prega av nedstenging og heimekontor, men dei har aldri vurdert å søke hjelp frå statlege krisepakker.

- Me har jo fått betalt for arbeidet, og så er det godt å komme seg ut av klasserommet for å gjere noko praktisk. Me har og lært oss at ikkje alt skjer nøyaktig når det passar best for oss, venting har rett som det er vore eit stikkord, seier Andreas.

Resultatet blei uansett ei stor og solid grillhytte til glede for frittgåande Hå-buar året rundt. Viruset gjorde farse av kranselaget, men nå som elevane har vendt tilbake, blir det nok ein kombinert studietur og grillfestival før sommarferien set inn.

På bar bakke



Forskaling til grunnmuren



Det reiser seg



Villmarkspanelen kjem på



Visste du at..?

Håkon Mjøs (ST 14-17) og
Josefine Garnes giftet seg
19. mars.

Margrethe Lindland
(HO/PB 09-12) og
Thomas André Nygård
(BY/PB 09-12) giftet seg
28. mars

Benedikte Bø (HO 15-17)
og **Rasmus Pollestad** (EL
14-16) giftet seg 4. april.

Maria Hodnø (HO/PB
09-12) og **Eirik Paulsen**
giftet seg 16. mai.

Vi gratulerer, og ber dere
fortsette å tipse oss om
folk som bør være med
på denne listen. Send
e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til
906 52 360 (Kjartan H.),
eller ring eller skriv til
skolen (husk årstall og
jerne klasse!)

Ledige plassar på studiespesialisering

Elevar kan framleis søke Vg1,
Vg2 og Vg3 studiespesialisering.
Søk via tryggheim.no. Ta gjerne
kontakt på telefon 51 79 80 00 for
meir informasjon.



Tre pallplasseringer i NM!

Eplekjekkasane og Gumbox sikret seg sølv og to bronse i NM for ungdomsbedrifter.

Tekst: Henrik Foss

Eplekjekkasane UB fikk tredje plass i kategoriene bærekraft og HR (human resources) i digitalt NM for ungdomsbedrifter i regi av Ungt Entreprenørskap, mens Gumbox UB kom på andreplass i regnskapskonkurransen.

Eplekjekkasane består av elever fra Vg2 studiespesialisering og arbeidstreningsavdelinga. Bedriften lager knekkebrød av eplerester

fra jusproduksjon. Gumbox fra Vg2 studiespesialisering har laget en liten boks for nye og brukte tyggegummier som skal hindre at folk kaster tyggiser på bakken. Sammen med yrkesfagbedriften Lamps of Norway fra elektro representerte de to bedriftene Rogaland i NM for ungdomsbedrifter fra 4. til 8. mai.

Bærekraftsjuryen om

Eplekjekkasane:

“Tredjeplass i årets bærekraftspris går til en ungdomsbedrift som

har utviklet et produkt som bidrar til å redusere et av de store miljøutfordringene i verden, nemlig matsvinn. Ikke bare har ungdomsbedriften funnet en måte å gjøre om avfall til en bioøkonomisk ressurs, men de har også planer for å bruke mennesker med funksjonsnedsettelse i produksjonen av sitt produkt. Bedriften forener lønnsomhet og bærekraft med å ta i bruk et overskuddsprodukt, som også er et bærekraftig råstoff, og har allerede solgt ut sitt varelager. Her



Eplekjekkasane UB. Foto: Privat

er den triple bunnlinjen tydelig! Delt tredjeplass går til Eplekjekkasene UB, for en nytenkende, bærekraftig løsning som forlenger verdikjeden i jusproduksjon ved å bruke eplekjøttavfall til knekkebrødproduksjon.”

HR-juryen om Eplekjakkasane:

“Bedriften viser tydelig at arbeidsglede, motivasjon, trivsel

og innsats har hatt stor innvirkning på bedriftens økonomiske resultat. Det har vært berikende og givende for bedriften at den har vært sammensatt av elever fra studiespesialisering og elever på arbeidstrening, noe juryen opplever som gjenspeiler seg i deres gode HR-arbeid.”

Regnskapsjuryen om Gumbbox:

“Denne ungdomsbedriften imponerer med svært god kontroll på varelagerhåndteringen og føring av kostnadsavsetninger når faktura ikke er mottatt. De har et stort regnskap, og har gjennom ungdomsbedriftsåret opparbeidet seg en veldig god regnskapsforståelse som de mener manuelle føring av bilag i Excel har bidratt sterkt til.”



Gumbbox UB. Foto: Kristina Thomsen, Ungt Entreprenørskap Rogaland

Tryggheimhelsing ønsker alle lesere en god, varm, avslappende og trygg sommer.



Vinnarar av skrivekonkurransen NLMvgs 2019

Tekst: Bjørg Topnes

Foto: Tårn Helge Helgøy

NLMvgs skrivekonkurranse 2019 gjekk føre seg i fjor vår, og me får endeleg høve til å presentera den andre av to vinnartekstar, denne gongen teksten til Liv Maria Aase, som var tredjeårselev i fjor. Me gratulerer!

FRIDOMEN SITT SPEGELBILETE

Av Liv Maria Aase, Tryggheim-elev
studieførebuande 2016-2019

Nelson Mandela står som ein av dei viktigaste forkjemparane for fridomen og freden i Sør-Afrika på slutten av 1900-talet, og nettopp på grunn av trua si på desse rettane vart han sett i fangenskap. Orda han her kjem med, er ikkje berre djupe, men òg oppmodande. For kva handlar eigentleg fridom om? Er det berre noko vi tek for gitt, eller uttrykkjer innhaldet i ordet noko grunnleggjande om liva våre?

I dagens individualistiske samfunn er nemleg fridom eit dominerande omgrep. Vi legg sterk vekt på fridomen til å utfalde seg sjølv, til å få mest mogleg ut av livet, her og no. "Opp og fram" har blitt slagordet for det vi søker i livet, og kanskje er fridomen grunnlaget for nettopp dette. Dersom ein ser på

oppblomstringa av egosentriske haldningar, har samfunnet på mange måtar blitt kaldt og materialistisk. Spørsmålet ein då kan stille seg, er om den store syndaren i dette tilfellet er fridomen sjølv.

Då eg var lita, drøymde eg om å bli vaksen og fri. Eg kunne nesten ikkje vente til eg skulle få ta egne avgjerder, til å vere herre over meg sjølv. No, rundt ti år seinare, lengtar eg tilbake til denne tida. Den bekymringslause tida med mor og far i førarsetet har nemleg forsvunne. Framfor meg ligg eit hav av moglegheiter, og med hendene nesten skjelvande på rattet er det eg åleine som tek vala for livet mitt. Sjølvsaft er eg takksam for denne fridomen, at vi kan verte nærmast det vi vil, men det er likevel noko skremmande ved det. For kva om eg misbrukar fridomen min? Kva

om eg vel feil? Ofte tek eg meg sjølv i å ønskje at eg igjen kunne ha byta plass med mor og far.

Ein kan spørje seg om ein nokon gong kan verte verkeleg fri. Mandela seier at ein del av det å vere fri er å "kaste av lenkjene sine". Lenkjer er noko som bind oss, som held oss nede og røvar frå oss fridomen. Mandela hevdar likevel at dette er noko vi kan verte kvitt. Kan vi verkeleg det? Uavhengig av kor fritt eit menneske kjenner seg, vert det ikkje berre frå samfunnet si side, men òg frå individet sjølv si side, stilt krav. Dette set filosofen Jean-Jacques Rousseau ord på når han seier følgjande: "Mennesket er fødd fritt, men overalt ligg det i lenkjer." At vi er fødte frie, er ein menneskerett. Det gir oss likevel ikkje moglegheita til å leve eit liv utan krav og ansvar. Frå vi vert fødte til vi døyr vil vi derfor vere lenkja til det paradoksale ved fridomen. På grunn av assosiasjonane våre til lenkjer høyrer denne utsegna negativ ut. Om ho verkeleg er det, er eg likevel ikkje så sikker på.

Å vere fri er ikkje berre å kaste av lenkjene sine, men å leve på ein måte som respekterer og forbetrar andre sin fridom.

- Nelson Mandela


I eit intervju NRK gjorde med den no avdøde anarkisten og forfattaren Jens Bjørneboe kjem dei inn på samanhengen mellom fridom og ansvar. "Jo større frihet, desto klarere og sterkere er det personlige ansvaret", slår Bjørneboe fast (NRK, 1973). Jo større fridom ein har, desto meir er ein altså bunden til ansvaret. Uansett kor paradoksalt det høyrst ut, ligg det likevel ei djup sanning i desse orda. Dersom ein er fri i den forstand at ein fysisk og samfunnsmessig ikkje er lenkja, har ein ikkje då ei plikt til å hjelpe andre, til sjølv å kjempe for andre sin fridom? Går ein tilbake til Mandela sine sterke ord, er det akkurat dette han uttrykkjer, at vi skal "leve på ein måte som respekterer og forbetrar andre sin fridom". Ein kan altså ikkje vere fri dersom ein berre held fridomen for seg sjølv.

Sjølv om ansvaret knytt til fridomen kanskje er noko av det mest essensielle ved det å vere menneske, verkar det som om det rår ei slags likesæle overfor dette temaet. Utdanningsdirektoratet si elevundersøking frå 2017 viser at heile 50 000 norske skuleelevar blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare. Heile 50 000 menneske vert frårøva fridomen til å vere seg sjølv! Kanskje må vi sjå på våre eigne liv under lupa, sjå på dei handlingane vi gjer som avgrensar fridomen til andre, og så ta eit oppgjør med dette negative handlingsmønsteret. Vakkert opp, Noreg! Ansvaret vårt rekk lenger enn berre til ytterdøra.

Kanskje har det individualistiske samfunnet med det sterke fokuset på personleg fridom, gjort oss blinde for dei rundt oss. I spegelen ser vi berre oss sjølve; egoistiske individ som kanskje tek eit av



Liv Maria Aase var ein av vinnarane i skrivekonkurransen NLMvgs 2019.



Verkeleg fri var temaet for skrivekonkurransen våren 2019

menneska sine største gode for gitt. Er det ikkje på tide at vi går litt nærmare spegelen, går litt djupare inn i oss sjølv og får greie på kva fridomen eigentleg inneber? Det handlar nemleg ikkje berre om

å kaste sine eigne lenkjer, men om å ta ein kikk på fridomen sitt spegelbilet; ansvaret.


Redaksjonen har kildelista.

«Fullkommen glede»

Tekst: Bjørg Topnes

Tryggheimhelsing presenterer den siste av dei to fjorårvinnartekstane medan ein ny konkurranse er i ferd med å klappa til kai. Denne våren er det temaet «Fullkommen glede» som har sørgt for vind i essaysegla hjå skriveglade ungdommar ved NLMvgs-skular. Livsglede eller kvardagsglede, bordets gleder eller kristen glede var blant innfallsvinklane som gav retning for skriveseglasen. I skrivande stund har juryen nett byrja på finlesinga for velja ut dei to tekstane som vil gje opphavet ein pen auke i pengesekken.

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Ungdomsskulen

Historia om ein fotballbinge

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Ein gong for ganske lenge sidan, omtrent fire år før no, vart det nye bygget til Tryggheim ungdomsskule reist. Det var nesten bibelsk, for det blir sagt at det tok berre tre dagar å reisa bygget. Mange undra seg. «Det går fort med Tryggheim ungdomsskule,» tenkte dei. Nokre var sikkert også forundra over det store, nye uteområdet som vart planert og gjort klar like bakom den nye skulen. Der låg det nemleg eit så vakkert stykke uteområde at eg er sikker på at dei jærseke bøndene i nærleiken berre sikla etter å kunne

dekka det med jord og stikka frøa sine nedi. Området nærast ropte etter å bli fylt opp med noko, men området skulle brukast til noko viktigare enn matproduksjon, må vita. Aller helst skulle her vera aktivitet frå ungdomsskuleelevar. Nok ein gong skulle dei på Tryggheim skapa forbausning. For dette fagre området vart berre liggjande der. Utanom grusen romma det berre ei einsleg basketballkorg, nokre bilar og – i periodar – ein bubil. Gjennom fire år skjedde nesten ingenting. Mange undra seg. «Det går ikkje fort med Tryggheim ungdomsskule,» tenkte dei.

Men så skjedde det altså noko likevel. Det var nesten bibelsk, for i løpet av berre litt meir enn tre dagar (snarare tre gonger tretti dagar), stod det plutselig ein ballbinge der. Og ein grasplen. Mange undra seg. «Det går sanneleg fort med Tryggheim ungdomsskule,» tenkte dei.

Og no ligg dei der, ein ballbinge og ein plen som berre ropar på å bli fylt opp med aktivitet, gjerne med ungdomsskuleelevar.

